Vikebygd (av Stål A. Alfredsen)

Selges kun samlet i bok-handel.





Innhold

Band 1

9 *Føreord*
11 *Innleiing og rettleiing*
20 Vikebygd
25 Kyrkjene i Vikebygd

29 Grendesoge for Midtbygda
105 Kvame
155 Kvamstø
168 Alna
276 Veastad
386 Børkjeland
463 Vikevik (Plasset)
479 Øvra Vik
540 Nedra Vik
598 Nedra Dommasnes
664 Øvra Dommasnes

Band 2

703 Grendesoge for Nordabygda
758 Tindeland (Tilland)
813 Gongstø
831 Årvik
890 Fossøl
915 Skatland (Skartland)

951 Grendesoge for Sørabygda
990 Ulvebne (Ulvevne)
1027 Øvrabø
1058 Svensbø
1098 Svensbøøynå
1110 Trovåg

1145 Grendesoge for Bjordal
1170 Ytra Bjordal
1194 Indra Bjordal

1229 *Meir om bokverket*
1238 *Kjelder og litteratur*
1241 *Ordforklaringar, forkortingar, landskyldeiningar, mynt, mål og vekt*
1247 *Om forfattarane*

Vikebygd

Selv om de enkelte personene ikke er nummerert, fremgår det tydelig hvor de er født og hvor de flytter. Helt nederst på siden fremgår hvilken gård du er inne på. Det er derfor relativt greit å finne fram i bokverket.



Ola Sjurson frå Bakkjen u. Fossøl, f. 1794, d. 1826 blei gift 1824 med **Ragnhild Josefsdotter** frå Tre u. Årvik, f. 1793, d. 1862.
Barn:

a. Malena f. på Årvik 1824, d. ung. Budde Ørevik i Sveio i 1848, men ikkje nemnd i skiftet etter farbroren på Ørevik.

Ola fekk i 1825 feste på eit «Bøstykke eller Plads kaldet Nøsthaugebakken [...] til Bygsel, fæste og Brug i 15 Aar». Alt året etter at festekontrakten var inngått, døydde Ola. Ragnhild budde som enkje på Øvra Vik i 1843, men var busett på Veastad då ho døydde.

Plasset Nausthaugen

Er truleg same plasset som tidlegare blei kalla Nausthaugbakkjen.
Plasset høyrde i 1875 under bruksnr. 1.

Johannes Knutson frå Veastad, f. 1810 på Øvra Vik, d. 1897 gifta seg 1828 med **Kristi Johannesdotter** frå Tre u. Veastad, f. 1792 på Nådland i Avaldsnes, d. 1878.
Born:

a. Knut f. 1828 på Øvra Vik, budde Krokjen u. Øvra Vik, gm. Eli Ellingsdotter.
b. Johannes f. 1830 på Øvra Vik, budde Hovda indre i Sveio (30), gm. Anna Marta Oddsdotter.
c. Anna f. 1833 på Øvra Vik, d. 1897 på Dommasnes, levde av lausarbeid 1865, i 1875 hadde ho delvis støtte av fattigvesenet, delvis levde ho av spinning. Ugift.
d. Brita f. 1835 på Veastad, d. 1898 på Hovda i Sveio, levde av lausarbeid i 1865, i 1875 delvis støtte frå fattigvesenet, delvis levde ho av spinning. Ugift. Hadde dottera Guriane f. 1857 med Johannes Torson på Nedra Dommasnes bruksnr. 2.

Kyrkjeboka gjev opp at Johannes og Kristi var husfolk på Veastad i 1833 ved dåpen til Anna. Dei budde framleis på Veastad i 1835, men var komne til Øvra Dommasnes ein gong før 1840. I 1865 hadde dei her 1 ku og 17 sauer, og sådde ½ tønne havre. Ti år seinare hadde dei 16 sauer, og dei sådde ½ tønne havre og ½ tønne poteter. Det var ikkje mykje å leva av, og me les i folketeljinga at Johannes og Kristi «Delvis understøttes af Fattigvæsenet».

691 Midtbygda – Øvra Dommasnes

Vikebygd

Når personene er flyttet til Vikebygd, er det ofte angitt hvor de kommer fra og hvilken bygdebok med sidetall de kan finnes i. I eksemplet til høyre er personene kommet fra nabobygda Bjoa. Denne bygdeboka er lagt ut digitalisert på Nasjonalbiblioteket slik at slekta kan lett følges ytterligere tilbake i tid.



Husmenn

Plasset Broen (Brunnen)

Namnet er lokal uttale av «Brønnen» eller «Brunnen».
Skyldsett i 1913 som bruksnr. 12.

Johannes Anfinnson frå Svolland på Bjoa (Ølen III s. 336), f. 1756, d. 1840 gifta seg 1782 med **Anna Torbjørnsdotter** frå Åsbø på Bjoa (Ølen III s. 371), f. 1756, d. ikr. 1817. Johannes gifta seg oppatt 1818 med **Inger Gunnarsdotter** frå Solheim i Vestre Vikebygd, no Sveio (28), f. 1771, d. 1844. Andre ekteskapet var barnlaust.
Born av Johannes og Anna:

a. Guro f. 1782 på Svolland, busett Veastad – Andre, sidan Svolland på Bjoa (Ølen III s. 337), gm. Tolleif Larsson.
b. Anfinn f. 1784 på Haugen, d. på Skatland 1799.
c. Torbjørn f. 1787 på Haugen, busett Treet u. Skjold prestegard (390), gm. Ingeleiv Johannesdotter.
d. Kristi f. 1792 på Nådland, Nausthaugen u. Øvra Dommasnes, gm. Johannes Knutson.

Johannes og Anna bygsla i 1784 Haugen i Sveio (6) og var brukarar der til 1791. Deretter budde dei ei kort tid, truleg som plassfolk, på Nådland i Avaldsnes. Ein gong før 1801 slo dei seg ned som husmannsfolk her på Broen. Her blei dei buande livet ut. På skiftet etter Anna Torbjørnsdotter var det noko over 24 dalar å arva; på skiftet etter Johannes var det 59 dalar og 40 skilling.

Harald Gunnarson frå Veastad bruk B1, f. ikr. 1811 på Alna, d. 1903 gifta seg 1843 med **Margreta Pedersdotter** f. 1794, d. 1847, enkje etter Helge Kristenson på Håvardsholm i Vestre Vikebygd, no Sveio (10), opphavleg kom ho frå Tordalen u. Indra Tveit i Skjold, no Tysvær (138f).

Harald fekk festesetel på Broen i 1841 og tok til å driva jorda her. Ekteskapet varde berre fire år før Margrete døydde. Etter ti år som enkjemann reiste Harald i 1857 til USA. Han kom seinare attende. I 1865 budde han som husmann med jord på Torvtre under Veastad. Ti år seinare budde han på Gjerde under garden. Han fødde då 1 ku og 4 sauer, og sådde ¾ tønne havre og ¾ tønne poteter. Utanom arbeidet på sitt eige plass livnærde han seg av å driva jordbruksarbeid for andre. Harald fekk eit langt liv, og døydde så seint som i 1903. Dei siste åra levde han som innerst med stønader frå det offentlege.



d. Sissela f. 1761 på Steinsland, busett Hollen u. Oppheim i Ølen (53), gm. em. Johannes Rasmusson.
e. Sønneva f. 1763 på Steinsland, busett Stykket u. Dørheim i Ølen (106), gm. Ola Tolleifson Eide.
f. Arnt f. 1765, d.s.å.
g. Malena f. 1768, Hetlelio u. Vågen i Etne (31) gm. 1 NN, 2 Nils Nilsson.
h. Sjur f. 1770, d. 1771, 11 veker og 4 dagar gamal.

Frå Torgeir og Sønneva gifta seg og fram til 1764, budde dei på Steinsland i Sandeid. Frå 1764 til 1773 var dei leiglendingar på Alna. Gudmund Årvik åtte jorda. Torgeir budde sidan som husmann i Liå under garden. Han var lagrettemann i 1766. Den tredje kona, Kari, budde som enkje i Liå i 1801. Ingen born var heime då. Då dei heldt arveskifte etter Sønneva i 1772, var det 4 dalar 4 mark og 12 skilling til deling mellom enkjemannen og borna – dei stod seg med andre ord ikkje spesielt godt. På skiftet etter Elisabet var det ikkje noko å arva, men etter Torgeir var det 8 dalar 3 mark og 11 skilling.

Jone Joneson frå Eikås på Bjoa (Ølen III s. 138), f. ikr. 1739, d. 1814 gifta seg 1768 med **Siri Ellingsdotter** frå Hetland på Bjoa (Ølen III s. 117), f. 1745, d. 1820.
Born:

a. Jone f. på Veastad 1769, busett Øvra Vik bruksnr. 6 og Veastad bruksnr. 1, gm. Guro Sjursdotter.
b. Elling f. på Veastad 1771, busett Brandøyo u. Nedra Hauge på Bjoa (Ølen III s. 55), gm. 1 enkje Kristi Torkelsdotter, 2 Ågot Mikkelsdotter, 3 Anna Hugnesdotter.
c. Ola f. 1773, Skatland bruk B, gm. Valborg Tørresdotter.
d. Marta f. 1776, d. 1778.
e. Marta f. 1779, d. 1780, 34 veker gamal.
f. Torborg f. 1781, Øvra Hauge på Bjoa (Ølen III s. 51), gm. 1 em. Knut Andersson, 2 Tollak Tjerandson.
g. Knut f. 1783, Øvra Vik – Andre, sidan Tre u. Veastad, gm. 1 Brita Johannesdotter, 2 Guro Ingebrigtsdotter.

Jone bygsla dette bruket ikring 1773 og var leiglending her til 1788. Sidan var han husmann i Liå under garden. I ei rettssak i 1786 vitna Jone Alna at han var 50 år gamal og fødd i Eikås. I 1762 lyste Siri odelsrett og pengemangel på eit bruk på Sæbø i Fjelberg som farfar hennar tidlegare hadde eigd. Farfaren hennar var Ola Larsson Sæbø.

Anekdoter

Spesielle historier og personligheter er omtalt.

Mannen som snikra si eiga kiste

Ivar Ihle Dommersnes var ein dyktig tømmermann og snikkar. På sine eldre dagar snikra han si eiga likkiste. Midlar hadde familien ikkje rikeleg av, og han tenkte nok at det ikkje var naudsynt å bruka pengar på ei kiste når han enkelt kunne laga ei sjølv. Ivar levde lenge etter at kista var laga. Han blei over 90 år gamal, og kista blei ståande så lenge på låven at ho til slutt blei seld til grannar då husbonden på eitt av nabobruka døydde. Enkja Jensine måtte difor kjøpa ei ny kiste til Ivar. Det høyrer med til soga at medan kista ennå stod på låven, oppdaga familien at Ivar ofte hadde ærend oppe på låven. Dei fann etter kvart ut at han la seg ned for å kvila i ro og fred i si eiga kiste!

Kjelde: «Ivar og Jensine på Dommasnes. Aner og etterkommere» av Per Terje Haaland, 2016.

Ola og Anna Karine hadde gardsbruket til 1928. Så flytta dei til Veastad bruksnr. 34.

Ola H. Birkeland dreiv handel mange stader i Vikebygd. Han starta med å driva litt handel med slusken som dreiv på vegarbeidet på vegen frå Bjoa til Vikebygd. Ei tid heldt han såleis til i vedhuset til Gudmund Skartland. Og så flytta han seg sørover i bygda etter kvart som vegarbeidarane arbeidde seg sørover. Han dreiv handel då han ei tid hadde Nedra Vik bruksnr. 4. Ein meir permanent butikk fekk Ola Birkeland då han i 1904 overtok Nyvik-huset, altså Børkjeland bruksnr. 7, som han kjøpte av Lars Leknes og overtok handelen der. I slutten av 1920-åra sette Ola Birkeland opp eit nytt hus med krambu i kjellarhøgda ved Alnavegen, på Veastad bruksnr. 34. Medan huset var under oppføring, dreiv han handel i kjellaren til Johan Alne på Veastad. Ola Birkeland dreiv sidan handel i nybygget ved Alnavegen fram til dottera Astrid og mannen Lars Framnes tok over i 1941. Sjå Veastad bruksnr. 34.

Sonen Harris Birkeland f. 1904 var språkforskar og professor i semittiske språk (språka i Midtausten) ved Universitetet i Oslo. Han gjorde ein avgjerande fagleg innsats ved å innføra ein ny metode (den moderne strukturelle metode) i studiet av dei semittiske språka. Han var ein framifrå formidlar og gav ut fleire populærvitskaplege verk. Harris var den eldste i søskenflokken og odelsgut. Han merka seg tidleg ut med gode evner. Det blir mellom anna fortalt at han sju-åtte år gamal la merke til korleis dei som gav vitnesbyrd på bedehusmøta som faren tok han med på, berre vitna i preteritum, fortid. Dette peiker fram mot den seinare språk-karrieren. Prøveførelesinga til doktorgraden var om ein type fortid i hebraisk brukt som preteritum. Det heiter seg at då Harris kom på gymnaset i Haugesund, blei han send heim av rektor fordi han ikkje skulle kunna henta noko der. Først var forskarinteressa hans retta mot hebraisk. Seinare blei interessa retta mot arabisk, og framleis er ein del av verka hans standardreferansar i arabiske talemålsstudiar. Då han døydde uventa i 1961, var han i ferd med å avslutta første avdeling av medisinstudiet. Omtalar av han skildrar han som fargerik og eit menneske med «uvanleg intellektuell energi».

Kjelde NB

Kirkehistorie

Den tredje kyrkja som har stått i Vikebygd, var ei trekyrkje som blei vigsla 16. oktober 1872 av biskop Peter Hersleb Gråh Birkeland. Kyrkja blei bygt til erstatning for ei gamal kyrkje frå 1682 som blei riven i 1870. Den nye kyrkja frå 1872 var ei tredelt hallekyrkje i tre med 380 sitjeplassar. Ho hadde tårn med to klokker. Kyrkja blei bygt 63 meter nærare sjøen enn den eldre kyrkja, som blei stående ei tid etter at bygginga av den nye var påbyrja. Staden den tredje og den fjerde kyrkja stod, nærare sjøen enn den eldre kyrkja og dagens kyrkje, blir i dag kalla «Den gamle kyrkjetomta» eller «Parken».

Den 16. april 1926 slo lynet ned i kyrkjetårnet, og deretter brann kyrkja ned. Bygdefolket klarde ikkje å sløkkja brannen, men fekk berga ut noko av inventaret. Eigar: Dag Hans Nagel-Alne.

ye kyrkja.

Den fjerde kyrkja i Vikebygd var den kyrkja som eksisterte kortast tid. Ho blei vigsla 11. juni 1928, men brann ned natta til måndag den 8. desember 1930. Kyrkja var teikna av arkitekt Alvsaker i Bergen i modernisert stavkyrkjestil. Kyrkja hadde 400 sitjeplassar, og var den første kyrkja i Vikebygd som hadde orgel. Legg merke til at denne kyrkja stod mykje nærare sjøen enn den seinare kyrkja. Den førre kyrkja hadde også stått på same tomta nært sjøen. Brannen i kyrkja starta i sakristiet, og truleg var det eit omnsrøyr som var årsaka. Om søndagen hadde det vore barnedåp i kyrkja. Været var kaldt, og dei hadde difor fyra ekstra godt i omnen. Eigar: Fam. Svendsbøe.

Vikebygd kyrkje

Den nye kyrkja frå 1937. Kyrkja som står i Vikebygd i dag, er bygd i mur, og er plassert på den eldste kyrkjestaden på Nedra Vik, altså der dei to eldste kjende kyrkjene stod, inntil den siste av dei blei riven i 1870. Dagens kyrkje har ikring 300 sitjeplassar og er teikna av arkitekt Alvsaker i Bergen. Kyrkja har alltid hatt orgel. Det første orgelet blei bygt av Landrog i Haugesund og sett inn i eit sidegalleri i tårnet. Orgelet var i bruk fram til slutten av 1980-talet, då kyrkjelyden og kommunen saman investerte i nytt orgel. Foto: Mittet. Eigar: Per Vik.

Den dramatiske kirke-historien i Vikebygd er omtalt.